

Møteprotokoll

Utval: FORVALTNINGSUTVALET

Møtestad: Formannskapssalen

Møtedato: 07.02.2019

Tid: 09:00 - 10:30

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.
1/19	Tittel 19/16 Forvaltningsutvalet 07.02.2019 - Opning, konstituering, orienteringar og drøftingar
2/19	17/2180 Detaljregulering for vegparsell på Kjørnesplatået
3/19	18/809 Detaljreguleringsplan Tistelsteigen gbnr 105/237
4/19	18/643 2. gongs handsaming - detaljreguleringsplan for Nes
5/19	18/642 2. gongs handsaming - detaljreguleringsplan for Kjørnes- Askane gbnr 1/208
6/19	17/430 2. gongs handsaming, detaljreguleringsplan for Kjørnes Camping & Fjordhytter
7/19	16/2300 3.handsaming detaljreguleringsplan Rv. 55 Bondeviki - Fardal
8/19	18/3707 Detaljreguleringsplan Hodlekve - Rinden - mindre endring av reguleringsplan
9/19	18/4491 Klage på avslag av søknad om frådeling av uregistrert festetomt frå g/bnr. 22/1
10/19	18/925 Klage på detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon. Handsaming klage Helge Øvretun.
11/19	18/2541 Klage på avslag av søknad om dispensasjon på gbnr 65/1 og 67/15 Magnar Munch - Tufte

12/19 17/336
Klage detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata Sykkelløysing

Sak **1/19**
Forvaltningsutvalet 07.02.2019 - Opning, konstituering, orienteringar og drøftingar

Punkt 1. Opning

A. Konstituering av møte:

- Møtet lovleg sett med følgjande til stades: Ivar Slinde, Gunnstein Lund, Liv Synnøve Bøyum, Bente Sønsthagen, Gunnar Stundal, Einar Vatlestad, Idar Kollsete.
- Frå administrasjon møtte rådmann Jostein Aanestad og tenesteleiar Markus Mohn Werner
- Ordførar Jarle Aarvoll var til stades
- Innkalling og sakliste - godkjent
- Møteleiar: Ivar Slinde
- Ope møte
- Ivar Slinde, Gunnar Stundal og Bente Sønsthagen får fullmakt til å godkjenne møteprotokollen.

Punkt 2. Orienteringar og drøftingar

A. Orientering frå leiar

B. Orienteringar frå utval

1. Saksprotokoll – Formannskapet 31.01.18
Arealdelen av kommuneplanen, jf. notat dagsett 24.01.2019.
- Formannskapet viser til notat frå rådmann dagsett 24.1.2019 og meiner at den vidare handsaminga av arealdelen av kommuneplanen bør utsetjast og handsamast i nye Sogndal kommune, alternativ 2. Formannskapet ber rådmann leggje fram eit notat til neste møte i formannskapet om korleis Sogndal kommune kan handsame spørsmålet om lokalisering av arealkrevjande handel i 2019.

C. Innspel frå medlemmane

Bente Sønsthagen (Sp)
Viktig å sikre god informasjon knytt til innspel til arealplanen.
Parkeringstilhøve og -kostnader for lærlingar ved SHOS.

Einar Vatlestad (H)
Hjort på Leite.

Idar Kollsete (FrP)

Frådeling av kårhus på 63/4.
Dispensasjon knytt til attreising av nedbrent hus i Fjøra.

Liv Synnøve Bøyum (Ap)
Skilting av Fjordstien.
Pålegg om fjerning av bilvrak.

D. Orientering frå rådmann
1. Områdeplan Campus Sogndal.

E. Drøftingar

Punkt 3. Skriv og meldingar. Referert.

1. Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak Fossetunkvartalet.
2. Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak i klagesak einebustad Dyrhagen.

Sak 2/19
Detaljregulering for vegparsell på Kjørnesplatået

Tilråding:

Kommunestyret vedtek Detaljreguleringsplan for vegparsell på Kjørnesplatået etter prinsippa som er vist i vedlegg 2, i medhald av pbl. § 12-12. Plankart, føresegn og planomtale skal vere i tråd med dette før endeleg handsaming.

Handsaming

Einar Vatlestad (H) la fram følgjande framlegg:
Kommunestyret vedtek Detaljreguleringsplan for vegparsell på Kjørnesplatået etter midtlinjeprinsippet, i medhald av pbl. § 12-12. Plankart, føresegn og planomtale skal vere i tråd med dette før endeleg handsaming.

Framlegget frå Einar Vatlestad (H) vart sett opp mot tilrådinga.

Tilrådinga fekk 6 røyster (2 Ap, 2 Sp, Krf, Frp).
Forslaget frå Einar Vatlestad (H) fekk 1 røyst (H).

Tilråding med 6 røyster (2 Ap, 2 Sp, Krf, Frp):

Kommunestyret vedtek Detaljreguleringsplan for vegparsell på Kjørnesplatået etter prinsippa som er vist i vedlegg 2, i medhald av pbl. § 12-12. Plankart, føresegn og planomtale skal vere i tråd med dette før endeleg handsaming.

Sak 3/19
Detaljreguleringsplan Tistelsteigen gbnr 105/237

Tilråding, samr.:

Kommunestyret vedtek reguleringsplan for Tistelteigen bustader, dagsett 8.1.19, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12. Vedtatt plan skal ikkje kunngjerast før godkjent overvassplan ligg føre.

Sak 4/19
2. gongs handsaming - detaljreguleringsplan for Nes

Tilråding, samr.:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Nes, plan ID: 1420-2018004, jamfør plan- og bygningslova § 12-12. Før planen vert lagd fram for kommunestyret vert det gjort følgjande endringar:

- Siktlinjer og sikktrekantar skal i tråd med Statens vegvesen sin merknad innarbeidast i plankart og føresegner.

Sak 5/19
2. gongs handsaming - detaljreguleringsplan for Kjørnes- Askane gbnr 1/208

Tilråding, samr.:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Kjørnes-Askane, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12. Før planen vert lagd fram for endeleg handsaming i kommunestyret vert følgjande endra:

Føresegn 3.2 d) vert endra slik:

Ved parallell innkøyring skal frittstående garasje og uthus plasserast parallelt med veg ~~inntil~~ minimum 2 meter frå anna vegareal og nabogrense, dersom siktilhøva i avkøyrslø blir ivareteke. Ved vinkelrett innkøyring skal avstanden vere minimum 6 meter.

Sak 6/19
2. gongs handsaming, detaljreguleringsplan for Kjørnes Camping & Fjordhytter

Tilråding, samr.:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Kjørnes camping og fjordhytter, slik den no ligg føre, jamfør plan- og bygningslova §12-12.

Sak 7/19

3.handsaming detaljreguleringsplan Rv. 55 Bondeviki - Fardal

Vedtak, samr.:

Forvaltningsutvalet legg detaljreguleringsplan Rv.55 Bondeviki – Fardal, datert 05.12.2018, ut til høyring og offentlig ettersyn i tråd med plan- og bygningslova §12-10.

Sak 8/19
Detaljreguleringsplan Hodlekve - Rinden - mindre endring av reguleringsplan

Vedtak, samr.:

Forvaltningsutvalet vedtek mindre endring av detaljreguleringsplan Hodlekve – Rinden, slik det går fram av vedlagte føresegner, i medhald av pbl. § 12 14 og politisk delegeringsreglement sak 30/17.

Føresegn 4.1.1 g) vert endra slik:

Terreng ved plassering av bygg kan fyllast opp med inntil 2,5 meter, dersom søknad syner massebalanse for terrengendringar som er naudsynt for oppføring av bygg.

Sak 9/19
Klage på avslag av søknad om frådeling av uregistrert festetomt frå g/bnr. 22/1

Vedtak, samr.:

Forvaltningsutvalet stadfestar vedtak i BD-sak 494/18, då det ikkje ligg føre opplysningar som gjev grunnlag for endring. Klagen vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Sak 10/19
Klage på detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon. Handsaming klage Helge Øvretun.

Vedtak, samr.:

Forvaltningsutvalet tek ikkje klagen frå Helge Øvretun til følgje jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Saka vert sendt vidare til Fylkesmannen for endeleg handsaming, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Sak 11/19
Klage på avslag av søknad om dispensasjon på gbnr 65/1 og 67/15 Magnar

Munch - Tufte

Tilråding:

Forvaltningsutvalet tek klagen til følgje og gjev dispensasjon frå arealdel til kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av garasje på eitt plan med BYA 70 m² og BRA 62,2 m², då dette ikkje set omsynet bak føremålet vesentleg til sides og fordelane er klårt større enn ulempene.

Forvaltningsutvalet tek ikkje klagen til følgje og gjev ikkje dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdel til kommuneplanen for attreisning av bustad på g/bnr. 65/1, då dette vil setje omsynet bak føremålet vesentleg til sides.

Begge vedtak er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Handsaming

Einar Vatlestad (H) la framlegg om å utsetja sak på bakgrunn av nyleg innkome skriv.

Dette slutta forvaltningsutvalet seg til.

Vedtak, samr.:

Saka vart utsett.

12/19

Sak

Klage detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata Sykkelløysing

Vedtak, samr.:

Forvaltningsutvalet tek ikkje klagen til følgje og opprettheld vedtak av «detaljreguleringsplan Rv.5 Gravensteinsgata – sykkelveg med fortau» gjort i kommunestyret, sak 42/18, den 13.12.2018.

Klagen vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Møtet slutt: 10:30

Ivar Slinde
-leiar-

Gunnar Stundal

Bente Sønsthagen